



Ottar Lauvås
Mongstadvegen 443
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykker:
Vår: 15/3418 - 15/37055

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
09.12.2015

Førebels svar - trøng for tilleggsopplysninga - gbnr 116/15 Lauvås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykker søknad 23.09.15.

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av midlertidig rubbhall og opent overbygg på eigedom gbnr. 116/15.

Planstatus

Eigedomen er uregulert og ligg i det som i kommuneplan for 2011-2023 i Lindås kommune er avsett til LNF-føremål. Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremål.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Den akutelle eigedomen og dei skildra tiltaka ligg innanfor 50 meters byggegrense langs FV57.

Vidare ligg eigedomen innanfor område der det er igangsett regulering med omsyn til gang og sykkelveg lang FV 57.

Det må søkjast om dispensasjon for oppføring av tiltak nærmare FV 57 enn 50 meter jf. § 1.6 i gjeldande kommuneplan. Søknad om dispensasjon skal nabovarslast.

Det er i søknad opplyst at tiltaka er midlertidige, vi ber om tilbakemelding på kor lenge tiltaka skal stå etter at dei er oppført.

Søknaden er nabovarsla, det er innsendt merknad til kommunen frå eigar av gbnr. 116/30,32. Vi kan ikkje sjå at det i søknaden har vurdert merknaden, og oversender innkommen merknad og ber om din uttale til denne.



Motteken situasjonsplan syner omriss av to bygningskropper vi ber om at de gjer greie for kva som er rubbhall og kva som er opent overbygg.

Vidare skal omrissa på sitasjonsplanen vere påført yttermål. Det skal og førast på minsteavstand frå kvart av tiltaka til nabogrense og til vegmidte FV 57.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må søkjast om dispensasjon for oppføring av tiltak innanfor 50-meters byggegrense langs Fv 57 jf. § 1.6 i gjeldande kommuneplan.
2. Dispensasjonssøknanden skal nabovarslast.
3. Vi ber om dykker vurdering med omsyn til vedlagt nabomerknad.
4. Det må leverast inn oppdatert situasjonsplan der det går fram kva av tiltaka som er rubbhall og kva som er opent overbygg/carport. Tiltaka skal vere målsett. Det skal førast på minste avstand til nabogrense frå kvart av tiltaka, det skal førast på minste avstand til vegmidte FV 57 frå kvart av tiltaka. De kan nytte vedlagt kartutsnitt.
5. Vi ber om attendemelding på kor lenge tiltaka vert ståande når dei er oppførte.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.02.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kartutsnitt gbnr 116_15
Tilbakemelding på nabovarsel - gbnr 11615 Lauvås

Mottakarar:
Ottar Lauvås

Mongstadvegen 443

5955

LINDÅS